

Pressemelding

Svøm langt-kampanjen 2014.

Også i år er Årdalshallen med i den landsomfattande kampanjen for å nytte symjebassenga som trening. I år er målet Kroatia.

Heilt sidan 1997 har Norges Svømmeforbund hatt ein landsomfattande kampanje i månadene januar, februar og mars der alle som ønskjer det kan melde seg på og registrere kor langt dei sym i løpet av desse månadene.

I 2013 var det fram mot 40 deltakarar i Årdalshallen. Dei aller fleste av desse oppnådde krava om å vere med i trekninga til den nasjonale konkurransen. Årdalshallen trekte ut lokale vinnarar som vart sendt inn til deltaking sentralt, samt at det vart delt ut premiar lokalt. Det er gratis å registrere seg, så kvifor ikkje nytte høvet når ein likevel er i symjehallen?

Årets mål er eit av Apollo sine ferieanlegg i Kroatia. Hovedpremien gjeld for ein familie, og er ei veker opphald. I tillegg er det flere mindre premiar til deltakarane.

Dei som ønskjer å delta registrerer seg i symjehallen der dei fyller ut deltakarkort. Der må dei også registrere kor langt dei søm kvar gong. I tillegg er det mogeleg å registrere seg direkte på kampanjesidene på nettet: www.svomlangt.no . Der kan ein også rapportere distansen ein søm, samt få meir informasjon om kampanjen.

Arne Hovland

